

## Referat frå SU-møte:



**Tid:** kl.18.30-20.00

**Dato:** 06.11

**Stad:** Skogsvåg skule

### Oppmøte:

Even i 4.kl, elevråd

Carina 5.kl, elevråd

Åsgeir Litleire - Lærar 1.kl

Beate Høyland Fag.arb skule og SFO 1.og 2.kl

Ingrid Hestad, rektor

Symphorien Pompe, politisk talsperson

Martin Hufthammer nestleiar FAU, føresett på 4.tr og 2.tr

### SAK 1. Frå skule ved rektor og elevråd: +

- **Økonomi:** Meirforbruk på 1,1 millionar pr.oktober knytt for mange stillingar skuleåret 24-25. Skuleåret går frå haust til haust, mens budsjettåret går frå januar til januar. Meirforbruk har vore orientert om tidlegare i vår, og det vart justert ressursar rundt påske. Det vart meldt om eit overforbruk på 1,5 millionar til sommaren, men skule har henta inn ein del av meirforbruket. Hausten 2025 styrer ein så godt som i balanse. Det er veldig tydeleg formidla frå oppvekstleiing og kommuneleiing at ein ikkje skal bruke meir enn tildelt budsjett. Ein må halde budsjett, og ein får ikkje meir ressursar. Alle kan følgje med på kommunestyremøta om korleis prosess knytt nytt budsjett går føre seg for 2026.
- **Kvalitetsarbeid:** Rektor fortel om DEKOMP (desentralisert ordning for kompetanseutvikling i skolen), der Skogsvåg skule deltek dei neste 2 åra. Tema Skogsvåg har valt er TRYGG og bestilling frå DEKOMP handlar om å utvikle profesjonsfellesskapet. Rektor fortel vidare om arbeid med TRYGG og dysleksivenleg skule. Skulen har i haust utvikla eit eige felles årshjul for arbeid med TRYGG, og heile skulen jobbar med felles mål og arbeid knytt tema. Det skjer mykje godt arbeid både i skule og SFO. Elevrådet fortel om arbeidet dei er med på, felles mål, TRYGGtime og kva dei øvar på. Det er stort fokus på samarbeid, omsorg, sjølvkontroll, kjenslar og korleis ein skal vere saman og ha det bra med seg sjølv. Elevrådet meiner dette er kjempe viktig arbeid, for å lære må ein vere trygg.
- **Elevrådet:** Elevrådet fortel om kva dei gjer. Den viktigaste oppgåva dei jobbar for er at alle har det bra på skulen. Dei har fokus på betre språkbruk, gullmunn, gullhengar, temafredag og måndag 17.11 startar reflekskonkurranse.
- **Avvik miljøretta helsevern, gamlebygget:** Rektor orienterar om sak. SU er tydelege på at dette handlar om helse. SU forventar at oppvekst og eigadom saman kjem til ei løysing som vert god for Skogsvåg.

- **Skulemiljø:** rektor orienterer om handteringsplakat. Elevrådet tenkjer dette er viktig, likt for alle og det er trygt for alle. SU gjennomgår plakat og ønskjer denne som vedlegg til skulereglane til skulen. Konsekvens knytt hærverk og vald vil bli fulgt opp, FAU har bestemt konsekvens ved hærverk.
- **Permisjonsreglement:** Rektor orienterar om plan for bekymringsfullt fråvær og oppfølging av permisjonsreglement. Rektor problematiserer formuleringen *vurdere* i permisjonsreglementet. Alle rektorar må ha lik praksis. Politisk talsperson oppmodar rektor til å ta dette opp samla frå rektorane og inn politisk. Føresette kjem med nokre døme på korleis dette kan vere problematisk for føresette. Det er ikkje alle som får ferie når skule har ferie, og det kan vere nokre økonomiske årsaker. SU er samstemt i at ein permisjonssøknad må begrunnas godt frå føresette, og ein bør ikkje ta elevane ut av skulen.

## SAK 2. Frå FAU:

- **Skjerm, SOME:** FAU har laga plakat med anbefaling. SU ønskjer den ut til alle føresette og ut på heimseida. Føresette lurar på kva skule tenkjer om dette og skule er positive. Lærar beskriv at det er utfordrande med klokke. Det vert forslag om mobilhotell for klokke, og skule må avgjere om mobilhotell må inn allereie frå 1.trinn. Smartklokke og mobil skal ikkje nyttast på skulen, og føresette må ta ansvar for dette og følgje med. Innspel frå SFO til FAU: kan ein få med på plakat at føresette lar telefon ligge igjen i bilen under henting på skule og SFO?
- **Trafikktryggleiksplan og busstilbod:**  
FAU har ein eiga arbeidsgruppe som jobbar med dette. Dei er oppteken av trafikktryggleiksplan. FAU sendte inn innspel til plan. Det er fleire elevar som ikkje har rett på skyss, men som føresette meiner har farleg skuleveg. Rektor seier noko om at behandling av dette er delegert til oppvekst, då rektor. Dette er ei sak som må løftast. Rektor har ingen grunnlag for å vurdere trafikkfarleg veg etter ein plan og matrise.

Politisk talsperson viser til plan og miljø – utval. Dette er eit utval som kunne bidratt meir knytt trafikktryggleik, og dei kan kome på skulen dersom dei skal sjå på noko som er utfordrande. Lærar skildrar situasjon på busshaldeplass. Der treng ein autovern. Dette tok politisk talsperson opp i kommunestyret, men dei behandla saka som trygg. Politisk talsperson oppmodar skule til å be nokon kome for å sjå situasjonen. Politisk talsperson kan kome på skule som representant frå plan og miljøutval, og skule vil invitere han.

**Ferie-SFO + tilbud opningstid:**

Politisk talsperson har løfta sak til kommunestyret. Det er ei gruppe som ser på SFO i kommunen. SU representant for SFO seier noko om at lokallasjon må vere ok for å drive ferie-SFO. SU er tydeleg på at opningstid er viktig i kommunen vår, då føresette sit mykje i kø. Det å redusere opningstid vil vere problematisk. Dette tek politisk talsperson med seg.

**SAK 5. Tilbud sone sør:**

Det er eit ønskje og behov for å få ein samla oversikt over fritidstilbod. Dette skal politisk talsperson undersøke om det er. Det er fleire fleirspråklege elevar og føresette som treng meir informasjon om dette. Skule bør ha ein oversikt dei kan henvise til.

**Eventuelt:**

- Det trengs noko meir tid på neste SU-møte. Rektor vil utvide møte med 30 minutt.